

## Vedtekter for SFO i Vik kommune

### 1. Retningslinjer

SFO er ei pedagogisk verksemd driven etter lokale retningslinjer og i tråd med Opplæringslova §13. Kommunestyret vedtek retningslinjer for skulefritidsordningane (SFO) i Vik og legg dei økonomiske rammene til grunn for verksemda

### 2. Definisjon og føremål

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod mynta på skuleelevar på 1. – 4. årstrinn om opphald før og/eller etter skuletid og på skulefrie kvardagar der me i samarbeid med heimen ivaretek behovet for tilsyn, omsorg og tryggleik ut frå lokale og individuelle behov.

Skulefritidsordninga skal ha ein pedagogikk som er

- tilpassa borna si fritid
- tilpassa alder og mogningsnivå
- tilpassa behovet til den enkelte

Skulefritidsordninga skal vera godkjent av kommunen.

### 3. Ansvarleg styringsorgan

Vik formannskap er det ansvarlege styringsorganet for SFO.

### 4. Styring og leiging

Administrativt er SFO underlagt rådmannen, men rektor har det daglege overordna pedagogiske og administrative ansvaret. SFO skal ha i tillegg ein dagleg leiar.

Ein av foreldrerepresentantane er medlem i samarbeidsutvalet for skulen.

Alle foreldra utgjer til saman foreldrerrådet ved SFO på eininga. Eit eige opptaksutval samansett av oppvekstsjef, rektor på vedkomande skule og SFO-leiar tek opp borna.

### 5. Bemanning

SFO skal ha ein dagleg leiar der det er ønskjeleg med pedagogisk utdanning eller fagbrev innanfor fagfeltet. Det skal vidare som eit minimum vera to tilsette i SFO ved barnetal frå og med 9 til og med 22.

Ved fleire born enn 22 må eininga søkja om utvida plasstal og auka bemanning.

For born med særlege behov kan det likevel etter sakkunnig vurdering tilsetjast ekstra personell.

### 6. Teieplikt

Tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13 - 13f.

### 7. Opptak av barn

- a) Tenestetorget i Vik kommune organiserer opptaket. Hovudopptaket skjer ein gong i året med **søknadsfrist 1. mars**, og plassen vert tildelt for eitt år om gongen. På eige fastsett opptaksskjema søker foreldre / føresette om plass. Tenestetorget sorterer søknadene og sender dei ut til den skulen som eleven er søkt inn til. Skulen gjev innstilling til opptaksnemnda. Det skal førast protokoll over opptaket. Søkjarane skal ha skriftleg svar og få orientering om klageretten. Klagenes vert handsama i dei ordinære klageorgana til kommunen. Tenestetorget held sekretariat.

- b) Det skal minimum vera 4 born eller fleire i eit tilbod for å setja i gong SFO. Dersom det er plass i barnehagen utan å bemanna opp, kan born etter særskilt søknad få plass i barnehagane Valsvik, Feios og Fresvik
- c) Er det fleire søkjarar enn det er plass til, avgjer opptaksnemnda opptaket etter desse kriteria:
- yngre born går føre eldre born
  - born med særlege vanskar har førerrett. Det må liggja føre sakkunnig vurdering og tilråding
  - born med einslege føresette vert tekne inn framfor andre dersom den føresette er i arbeid utanfor heimen, er under utdanning og er åleine om tilsynet
  - i særskilte tilfelle kan også eldre born få plass. Då bør det i slike tilfelle liggja ved sakkunnig vurdering og tilråding
- d) Ved hovudinntak skal det haldast av minst 2 ledige plassar for evt. klagehandsaming
- e) Hovudinntaket skjer om våren og gjeld for eitt skuleår om gongen. Opptak kan og skje i løpet av skuleåret. Dersom det er plass, kan det takast opp barn for kortare periodar når det er særlege grunnar for det.
- f) Oppseiing av plass skal vera skriftleg og med ein månads varsel og leverast til dagleg leiar. For tidsrommet 1. februar til 1. august er oppseiingstida 3 månader. Det vert kravd betaling for oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.
- g) Auke eller reduksjon i dagleg opphaldstid skal meldast skriftleg og avtalast med dagleg leiar.

## **8. Betaling for opphald**

Det skal betalast for opphald etter dei satsane og dei retningslinene som kommunestyret kvart år fastset i budsjettet. Det skal gjevast søskenmoderasjon når familien har fleire born i fritidsordninga. For barn nr 2 er satsen reduksjonen 25% i høve til utgangssummen, for 3. barn 50% reduksjon. Dersom foreldre/føresette ikkje betalar for barnet innan rimeleg tid (2 mnd. etter forfall), kan barnet deira missa den tildelte plassen umiddelbart.

## **9. Måltid**

Borna tek sjølve med mat til eit ekstra måltid på vanlege skuledagar og to måltid andre dagar. Mjølkk og juice kan dei abonnere på ved Flatbygdi skule.

## **10. Opningstider**

Den daglege opningstida skal liggja innanfor tidsrommet 07.30 og 16.30 måndag til fredag. SFO følgjer normalarbeidsåret dersom oppslutninga om dette er god nok. Den enkelte eininga tek avgjerd i dette. SFO er stengt 4 veker i juli og mellom jul og nyttar.

I resten av skuleferiane må foreldra melde frå innan ein viss frist om barnet skal vere på SFO.

## **11. Budsjett**

Rektor i samarbeid med dagleg leiar og dei tilsette arbeider ut budsjett. før handsaming i Vik Formannskap

## **12. Areal**

Skulefritidsordninga skal halda til i godkjente lokale med eit minimumsareal på 4 m<sup>2</sup> pr. barn. Utearealet skal nyttast i sambruk med skulen.

## **13. Gyldigheit**

Endringar av vedtektene skal handsamast i Vik formannskap før dei går til endeleg godkjenning i kommunestyret.

